



Til alle kommunar i Vestland v/ kommunedirektør/rådmenn

Førebygging av vald og overgrep mot barn og unge

Vald og overgrep mot barn og unge er eit stort samfunnsproblem. Om lag 1 av 20 barn veks opp under forhold prega av vald. Å vekse opp med vald, overgrep og omsorgssvikt aukar risikoen for alvorlege fysiske og psykiske helseplagar seinare i livet. [Kjelde: Bufdir.no](#)

Eit av regjeringa sine prioriterte område er å førebyggje vald og overgrep mot barn og unge. Fylkesmannen i Vestland har saman med Ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS Vest) fått i oppdrag å bidra til å gjere *Opptappingsplan mot vold og overgrep (2017-2021)* kjend for kommunane. Dette er også i tråd med artikkel 19 i FNs barnekonvensjon, om vern mot misbruk. Vi skal bidra til implementering og bruk av valdsførebyggjande verktøy som «Snakke sammen» og «Jeg vet». I tillegg skal vi kartlegge om kommunane brukar desse verktøya.

[«Jeg vet»](#)

Dette er ein læringsressurs utvikla av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Det skal bidra til å førebyggje vald, overgrep og mobbing gjennom å gje barna auka kunnskap om desse tema. Læringsressursen gir lærarar i barnehage og skule tilgang til kvalitetssikra og alderstilpassa læringsopplegg for å gje barn og unge kunnskap om vald, overgrep og mobbing.

[«Snakke sammen»](#)

Dette verktøyet er utvikla av RVTS på oppdrag frå Bufdir. For mange er det utfordrande å snakke med barn som vi har mistanke om kan ha vore utsett for vald og overgrep. Opplæringsportalen er eit digitalt verktøy der hjelparar kan øve på å snakke med barn om vald, overgrep og omsorgssvikt. Ein samtale kan skape tillit og trygghet, men også det motsette. Derfor kan det vere fint å trene – spesielt saman med kollegaer.

Målet er at alle vaksne som jobbar med barn og unge skal vere trygge til å snakke med barn og unge om deira opplevingar, slik at vi førebyggjer vald og overgrep og oppdagar det tidlegare. For å nå dette målet planlegg Fylkesmannen i Vestland ulike aktiviteter:

- Informasjon til alle kommunane om desse valdsførebyggjande verktøya
- Webinar 15.12.2020 – samtale med barn og unge om vald og overgrep – samarbeid med RVTS



- Quest back i 2021 for å få status i kommunane om korleis de jobbar for å førebygge vald og overgrep mot barn og unge, og bruk av desse verktøya.
- Ved behov – nytt webinar om «Snakke sammen» og «Jeg vet» i 2021 – samarbeid med RVTS

[RVTS](#) har også egne aktivitetar retta inn mot å gjere desse verktøya kjent. Vi viser til heimesida deira for meir informasjon.

Kommuneleiinga har ansvar å sikre at dei tilsette i kommunen har tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheiter til å kunne utføre sine oppgåver jf. dei nye nasjonalfaglege [retningslinjene](#) om *Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge*.

Tema for webinarret 15.12.2020 er samtale med barn og unge om vald og overgrep. Der vil verktøya «Snakke sammen» og «Jeg vet» bli gjennomgått og det blir lagt opp til øving undervegs i webinarret. Sjå vedlagt program. Påmelding til webinarret [her](#).

For at webinarret skal verte best mogleg for deltakarane ønskjer vi at dei har gjort seg litt kjend med verktøya på forhold.

Ved spørsmål ta kontakt med:

Gunn Randi Bjørnevoll, Fylkesmannen i Vestland: fmsfgrb@fylkesmannen.no

Mona Lauritsen, Fylkesmannen i Vestland: molau@fylkesmannen.no

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Hjermann
Utdannings og verjemålsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

KS Vest-Norge Nonnesetergaten 4, 12. etg. 5015 BERGEN



Sentrale dokument

- Barnekonvensjonen
Artikkel 12 i [FN`s barnekonvensjon](#) omhandlar barns rett til å bli høyrte og seie si meining i alle saker som gjeld dei. Fagfolks evne til å snakke med barn og unge og legge til rette for medverknad i saker som gjeld dei, er grunnleggjande for å gje dei riktig hjelp og støtte. Det er sentralt å ha kunnskap og kompetanse om dette slik at vaksne er trygge i samtale med barn og unge.
- Aktuelt lovverk, herunder avverje, -melde- og opplysningsplikta, kommunelova kap 25
- Opptappingsplan mot vold og overgrep (2017-2021)
Satsninga og implementeringa av dei valdsførebyggjande verktøya «Jeg vet», «Snakke sammen» er ein del av opptappingsplanen.
- Ny nasjonalfagleg retningslinje om «Tidleg oppdagelse av utsatte barn og unge»
Målet med retningslinja er å styrke oppdagar- og handlingskompetansen hjå leiarar og tilsette i kommunen slik at ein tidleg kan oppdage utsette barn og unge slik at dei får tilpassa hjelp og oppfølging. Målgruppa er kommunens politiske og administrative leiing, leiarar og tilsette i barnehage og skule, og leiarar og tilsette i aktuelle tenester og sektorar som helsestasjon og skulehelsetenesta, barnevern, Nav, fastlegar, PPT, helse- og omsorgstenester for barn, unge og unge vaksne mellom 0-24 år og deira føresette.
- Ny lovbestemmelse i helse- og omsorgstenestelova § 3-3a
Kommunen skal ha særleg oppmerksomhet rettet mot at pasienter og brukere kan være utsatt for, eller stå i fare for å bli utsatt for vold eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstjenesten blir i stand til å forebygge, avdekke og avverge vold og seksuelle overgrep.
For at helsepersonell skal ha kompetanse til å førebygge, oppdage og avverge vald og seksuelle overgrep, er det viktig at alle nivå innanfor tenesta har slik kompetanse. Kommuneleiinga har eit særleg ansvar i dette arbeidet når det gjeld å planlegge, gjennomføre og evaluere tenester og tiltak til barn og unge.



Mottakerliste:

Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Gløppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND



Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL